

Fristen renn ut for to elvar

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har teke ei førebels avgjerd om at BKK kan søkja konsesjon for utbygging av Øystesevassdraget og Steinsdalsvassdraget. Siste ordet vert sagt i november.

ÅSMUND SOLDAL

Vårherre har i dag åleine hand om eit par komplette vassdrag i Kvam - frå høg fjell til fjord. BKK blandar seg inn og ønskjer innpass for delar av skaparverket. Men dette er det spesielt stor motstand mot i Øystese. Både landbruks- og grunneigarinteresser, naturvern, jakt og fiske står saman mot BKKplanane. Kvam herad skal gje sin uttale til ein eventuell konsesjonssøknad neste veke.

Samla plan

Begge vassdraga skårar fullt hus for verdi før utbygging i ei vurdering gjennom den såkalla Samla plan. Dersom det vert noko av anlegget, minkar vassføringa i vassdraga utan at dette gjer noko til eller frå for jordbruk, vassforsyning, erosjon, isproblem og liknande, hevdar DNrapporten.

Begge vassdraga vert førebels plasserte i ein kategori der utbygging er aktuelt. Den endelege kategoriseringa skal først avgjerast etter ein høyringsrunde med svarfrist 15. september.

Bakgrunnen for rapporten er at BKK ønskjer å overføra dei øvste delane av desse to vassdraga i Kvam til Samnangervassdraget ved Kvitingen.

Resultatet vert at Øysteseelva misser 26 prosent av dagens middelvassføring ved fjorden. Men når magasinet er fullt, kjem elva til å gå med gamal vassføring.

Elva Fljoto, som kjem frå Kvitebekk, får sterkt redusert vassføring. Men med påfyll frå terrenget nedanfor, vil middelvassføringa ved Longvotni på Kvamskogen vera 15 prosent under dagens. Ved utløpet i fjorden er reduksjonen stipulert til 4,5 prosent i høve til det opphavelge.

Øystesevassdraget er etter måten billig å byggja ut, heiter det i rapporten. Anleggskostnaden vert 1,06 kroner pr utbygd kilowattime, noko som plasserer anlegget i den såkalla økonomiklasse 1. Steinsdalsvassdraget kjem i klasse to med 1,80 kroner pr kwh i utbyggingskostnad.

BKK vil overføra Vossadalsvatn til Svartevatn-magasinet. Dette skal etter planen skje i ein 3,3 kilometer lang tunnel gjennom Fuglafjell til Søyegjel. Kvitebekktjørn og Skukkatjørn øvst i Steinsdalsvassdraget skal og i tunnel - 1,6 kilometer - for å leia vatnet motsett veg av det naturlege.


Direktoratet påpeikar at det på mange felt ikkje er godt nok grunnlagsmateriale til å ta endeleg stilling. Likevel vert det slege fast at begge vassdraga representerer verdfulle naturar.

-Tull

Fylkesmannen i Hordaland skal samordna innspela til rapporten og eventuelt foreslå anna klassifisering. DN og Norsk vassdrags- og energidirektorat skal deretter gje endeleg tilråding om utbygging. Det er tull å hevda at mindre vassføring ikkje får innverknad for jordbruket, seier grunneigar Even Øyri.

- Elva er eit naturleg og naudsynt gjerde i eit beiteområde der det om sommaren går over 1.000 sauer og ein del storfe. Kjem dyra på villstrå, får eigarane store problem. Reduksjonen i vassføring vert større til nærare ein kjem overføringstunnelen. Og det er der sauene beitar, seier han.

Bøndene er også merksame på at eventuell smittefare mellom buskapar kan vera eit problem. Men det er særleg sanking som vert vanskeleggjord.



Sommarvassføringa i Storelvi er lita, og mykje mindre kan det verta i jettegrytene ved Geitabruhølen.

-Alle som eig i dette området, er samde om at dei og har eit ansvar for å forvalta naturen til nytte og glede for ålmenta, legg Øyri til. Folk flest treng urørde område, og det er ein verdi for grunneigaren. Dessutan vert det vanskelegare å utvikla Fitjadalen om vassdraget er regulert.

Etter det Øyri opplyser har BKK ikkje lova eigarane fordelar eller pengar for inngrepet.

Samnanger

Tormod Lunestad er medlem i fylkesstyret for Norges jeger- og fiskerforbund. Han opplyser at motstanden mot prosjektet er stor også i Samnanger og Vaksdal.

- BKK sin taktikk er tydeleg vis å stykkja ei rekkje inngrep til isolerte saker, som eigenleg heng saman, seier Lunestad.
- Meir vatn i Samnangervassdraget samstundes med at den gamle kraftstasjonen på Frøyland er på veg mot nedlegging, tyder på nybygging. Dermed kjem det ny kraftstasjon i Aldal og Tysseelva vert turlagd.
Klaus Rasmussen i Vernelaget for Øystesevassdraget og Kari Mostad i Naturvernforbundet i Kvam er samde med Lunestad. Mellom anna lurar dei på kvar det vart av det annonserte prosjektet som skulle føra vatn frå Skrott til Hamlagrø.

- Prosjektet er sikkert ikkje gløymt. Det er heller gøymt inntil vidare som lekk i BKK-taktikken, seier dei. I så fall vert det endå mindre vatn i Øysteseelva.

Mostad seier vassdraget ikkje berre må haldast unna utbygging. Det er også verneverdig, ettersom det renn urørt frå høgfjell til fjord. Ho ottast at fleire småprosjekt skal koma etter kvarandre som perler på ei snor.

- Samla plan er sanneleg ikkje mykje samla i dette tilfellet.

Fisk

Øystese jeger- og fiskarlag har hatt Fitjadalen som satsingsfelt dei siste åra og Øysteseelva så lenge leiar Lars Knut Haukås kan hugsa. Han er opprør ved tanken på at sjøaure og laks ikkje lenger skal ha noko gyteelv. Ille vert det også om Fitjadalsvatn misser gjennomstrøyming med oksygenmangel og algevekst som resultat. Dermed ottast han at fiske vert øydelagt både i fjellet og i den lakseførande delen av elva.

- Me må tenkja langt fram. Og det ville vera kjekt med vatn i elva når laksestamma ein gong har kome på fote att. Sjøauren er alt på god veg, seier Haukås.

Klaus Rasmussen meiner at i alle fall lokalpolitikarane må leggja vekt på den unisone kravet om å halda fingrane borte frå vassdraga.
- Utbygging betyr ingenting lokalt anna enn at me sender pengar og naturkvalitetar ut av bygda, seier han. Nokon andre vil gjera store pengar, men kvar desse hamnar til sist, er ikkje godt å vita. Kvam får rettnok utbytte frå BKK, men berre småtteri.